



Bkk Nett AS  
Eirik Mjelde  
Postboks 7050  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/3237 - 19/27834

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
26.09.2019

## Endring av vedtak etter klage - dispensasjon for plassering av nettstasjon - gbnr 217/3 Romarheim

**Administrativt vedtak. Saknr:** 517/19

**Tiltakshavar:** BKK Nett AS

**Søknadstype:** Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (tbl.) § 19-1

### Tiltak


Saka gjeld søknad om dispensasjon frå kommuneplana sin arealdel for oppføring av nettstasjon med bygd areal (BYA) ca. 6 m<sup>2</sup>.

Det vart opphavleg gjeve løyve til dispensasjon i administrativt vedtak den 07.08.2019. Det var vidare naudsynt med dispensasjon i frå byggjegrense mot E39, denne er forvalta av Statens Vegvesen.

Statens Vegvesen klaga på kommunen sitt vedtak i skriv datert 27.08.2019. For grunngjeving av klage, sjå avsnitt «Klage på løyve til dispensasjon».



BKK, som er tiltakshavar, har vore i kontakt med Statens Vegvesen for vurdering av ny plassering av nettstasjonen, og det er sendt inn nytt situasjonskart med endra plassering av nettstasjonen.

Opphavlege situasjonskart som syner omsøkte nettstasjon:



Nytt revidert situasjonskart datert 12.09.2019 som syner endra plassering:





### Klage på løyve til dispensasjon

Det er sendt inn slik klage på løyve til dispensasjon i frå Statens Vegvesen i skriv datert 27.08.2019:

Vi meiner det er hefta saksbehandlingsfeil ved kommunen sitt vedtak. Kommunen skriv at dei ikkje har sendt saka på høyring slik dei skal etter § 19-1, utan vidare grunngjeving. Kommunen har heller ikkje kommentert vår uttale som vi sendte til BKK med kopi til kommunen, eller vist til at våre merknader er vurdert. Kommunen bør ikkje dispensere så lenge ein direkte berørt statleg eller regional part har uttalt seg negativt til søknaden jf. plan og bygningslova § 19-2.

Vedtaket vurderer ikkje tilhøvet til E 39, og korleis tiltaket stiller seg i forhold til plan som vart godkjent i 2014. Det følger heller ikkje med kart i rett målestokk som viser kva kommunen har vedtatt.

Kommunen ber i tillegg om at Statens vegvesen behandle søknaden som dispensasjon frå byggjegrense etter veglova.

Med bakgrunn i kommunen sine saksopplysningar er det uklart for oss om tiltaket ligg innanfor det regulerte området, eller om tiltaket ligg i uregulert område.

#### *Vår vurdering av tiltaket:*

BKK har søkt om oppføring av ny nettstasjon på gnr 217 bnr. 3 i Lindås kommune. Tiltaket ligg langs E39 i Romarheimsdalen. Fartsgrensa på staden er 80 km/t og årsdøgertrafikk er 2160 ÅDT. E39 er klassifisert til Haldningsklasse 1 jf. *Rammeplan for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggjegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest (2017 – 2020)*. Det vil seie at dette er ein svært viktig hovudveg med nasjonal og regional funksjon.

Det omsøkte areal er regulert gjennom godkjent reguleringsplan som skal sikre framføring av ny tunell mellom Eikefet og Romarheim. Arealet langs E39 er avsett til annan veggrunn samt landbruk, natur og friluftsføremål med omsynssone (rigg og anleggsområde). I søknaden vi fekk 10.05.2019 var tiltaket plassert på eit areal som er avsett til LNF - område i reguleringsplanen, med underføremål rigg- og anleggsområde. Tiltaket er plassert innanfor byggjegrense til veg og innanfor tryggleikssona til vegen.

Statens vegvesen har stor forståing for den samfunnsmessige verdien tiltaket har. Samstundes ligg dette langs ein viktig nasjonal hovudveg der det er regulert ein ny og meir framtidsretta løysing med tunell. Arealet som er avsett til annan veggrunn og rigg- og anleggsområdet trengs for å justere og tilpasse vegline mellom ny og eksisterande E 39. Vi meiner at omsøkte tiltak kan vere til hinder for gjennomføring av planen. Det er særleg behov for arealet i utbyggingsfasen. Vi vil og peike på at det er kostnadsdrivande å flytte og tilpasse annan infrastruktur i våre vegprosjekt. Dersom vegen allereie var framført kunne saka stilt seg annleis.

Vi bad i vår uttale at ny nettstasjon helst må plasserast utanfor planområdet. Dersom BKK meiner det er heilt naudsynt å plassere tiltaket innanfor regulert området må det vere svært viktige argument som taler for dette.


Kommunen skriv at Statens vegvesen skal behandle søknad om dispensasjon frå byggjegrensa. Vår merknad til dette er at dersom arealet er regulert, er det Lindås kommune som skal vedta ein slik dispensasjon. Dette er det lang praksis for. Vi vil mellom anna vise til tolkingsuttale frå kommunal- og moderniseringsdepartementet datert 14.04.2016:

*«Det legges derfor fortsatt til grunn at dersom reguleringsplanen ikke har egne byggegrenser, må veglovens byggegrenser på det tidspunkt planen ble vedtatt anses som inkorporert i planen. Søknad om dispensasjon frå disse byggegrensene må da behandles etter plan- og bygningslovens regler om dispensasjon».*

Vi gjer for ordens skuld merksam på at det er eigne byggjegrenser for areal som ligg innanfor vegen sitt egedomsområde, vanlegvis innanfor 3 meter frå vegkant. Dette er typisk for framføring av leidningsnett mm. Her kjem veglova si § 32 og 57 til anvending, og då er det Statens vegvesen som skal handsame ein slik søknad.

## Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område og er forvalta av kommuneplanen. Vegtrasé E39 ligg innanfor reguleringsplan for E39 Gammelsæter-Nipetjønn 1263-20031106:



## Dispensasjon

Statens Vegvesen har gjeve dispensasjon i frå byggjegrense mot E39 i vedtak datert 12.09.2019 med referanse 19/105130-7.

Vidare er det naudsynt med dispensasjon i frå planføremålet Idrettsanlegg i kommuneplana sin arealdel. Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

Henviser til førebels svar på dispensasjon med trang for tilleggsopplysninger Gnr/Bnr 217/3 Romarheim til undertegnede datert 17.07.19.

BKK Nett AS søker med dette om dispensasjon frå LNF formål i Kommunens arealplan for Gnr/Bnr 217/3 Romarheim.

Dispensasjonsøknaden for tiltaket vert grunngjeven med allmenn strømforsyning i samsvar med områdekonsesjonen. Grunneigar av Gnr/Bnr 217/3 er orientert om planen og BKK Nett reknar med å få i stand avtale med grunneigar.

### Nabovarsel

Søknad om dispensasjon er ikkje nabovarsla.

Det går fram av plan- og bygningslova § 21-3 annet ledd «varsel etter første ledd kan unnlates når arbeidet ikke ,eller i liten grad, berører interessene til naboer og gjenboere»

Søknad om dispensasjon frå byggjegrense mot E39 er no ferdig handsama av Statens vegvesen.

Vidare syner vi til at etablering av nettstasjonen er innafor ramma for konsesjon, og samla sett finn ein at det kan gjevast fritak i frå nabovarsle dispensasjonen i saka.

### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 12.09.19.

På situasjonsplanen er minsteavstand til midtveg 17 meter.

Nettstasjonen skal slik vi kan sjå plasserast på eit areal som ikkje vert nytt til føremalet Idrett, men ligg som ei buffersone mellom skiløypa og E39.

### Vatn og avløp (VA)

Det er ikkje søkt om vatn- og avlaupshandtering.

### Tilkomst, avkjørsle og parkering

Det er ikkje søkt om tilkomst til nettstasjonen.

Men det ligg ei eksisterande traktorveg i nærleiken, og plassering av nettstasjon må ikkje kome i konflikt med denne.

### Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Tiltakshavar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

### VURDERING:

#### Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.


For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må ligge innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulempar dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Statens Vegvesen har gjeve løyve til dispensasjon frå byggjegrense mot E39 i vedtak den 12.09.2019 med referanse 19/105130-7. Vedtak er gjeve på bakgrunn av situasjonskart datert 02.09.2019, som vist under:



Så langt vi kan sjå synet reviderte situasjonskart datert 12.09.2019 og situasjonskart dater 02.09.2019 same plassering av nettstasjonen.

Nettstasjonen er flytta om lag 200 meter lengre nord og ligg no innanfor eit området som i kommuneplanen sin arealdel er sett av til Idrettsføremål.

I området ligg ei skiløype og traktorveg blant anna i frå E39 og inn på skiløypa. Ut i frå innsendte dokumentasjon ser det ut som nettstasjon skal plasserast i ei buffersone mellom E39 og skiløypa, men vi vektlegg at plassering av nettstasjon ikkje skal vere i konflikt med korkje skiløypa eller øvre traktorvegar i området.

Så langt vi kan sjå sett ikkje nettstasjonen sin plassering planføremålet vesentleg til side, og vektlegg at det er av begrensa storleik og har høg allmenn nytteverdi.

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Privatrettslege tilhøve**

Det må ligg føre avtale med grunneigar for plassering av nettstasjon på gbnr 217/3.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen.

Kommunen finn at tiltaket ikkje vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen sin arealdel for oppføring av nettstasjon.

Dispensasjon vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Nettstasjon må ikkje plasserast slik at den ligg i konflikt med eksisterande skiløype og/eller traktorveger
2. Det må inngås privat avtale med grunneigar av gbnr 217/3 for plassering av nettstasjon

Vi gjer merksam på at tiltaket kan vere søknadspliktig etter plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-2.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må [høvet](#) til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Bortfall av løyve**

Vedtak om dispensasjon er gyldig i 3 år, jf. pbl § 21-9. Fristen kan ikkje forlengast. Det må ligga føre løyve til tiltak etter plan- og bygningslova innan utløp av 3 års fristen for vedtaket.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Statens vegvesen region Vest	Postboks 43	6863	LEIKANGER
------------------------------	-------------	------	-----------

**Mottakarar:**

Bkk Nett AS	Postboks 7050	5020	BERGEN
-------------	---------------	------	--------